

DAG HAMMARSKJÖLD SOM UKJENT NOREGS-VEN UNDER KRIGEN

Den 31. mai 1945: Folk jublar i Oslo-gatene. Etter nær fem års eksil stig regjeringa Nygaardsvold i land på Vippetangen. Dei blir ynskt velkomne av norske styresmakter med kronprins Olav i spissen.

ÅSMUND BJØRNSTAD

*Professor i planteforedling, emeritus, og forfattar
Norges miljø- og biovitenskapelige universitet*

Men finansministeren, Paul Hartmann (som kom heim 12.mai), har ikkje møtt opp. Han sit i forhandlingar med Dag Hammarskjöld, som året etter blir «utnevnt til Kommandør I (med stjerne) som Statssekretær (...) i anledning av forhandlingar om svensk kreditt til Norge og finansiering av nybygningskontrakter (...). Han ble så utnevnt til Storkors som Statsråd den 23.mars 1953 i anledning av H.M. Kong Haakons offisielle besøk i Stockholm».¹ Dette var åtte dagar før Sikkerhetsrådet kalla Hammarskjöld til ny generalsekretær i FN etter Trygve Lie, Nygaardsvolds utanriksminister. Kvifor blei Hammarskjöld heidra på denne måten, og hadde det noko å seie for den sterke norske støtta i åra han var generalsekretær? Og kan det påverke biletet av „det svenske sviket“ under krigen?

Dag Hammarskjöld (DH) er kjend som FNs fremste generalsekretær gjennom tidene. Som talsmann for folkeretten stod han opp for avkolonialisering og mot stormaktene. I 1956 fekk han utplassert dei første FNs første fredsbevarande styrkar i Suez og Gaza. Han var den mest kjente svensken på 1900-talet, framfor Olof Palme og Selma Lagerlöf.

Bortimot ukjend er det at DH, som statssekretær i det svenske finansdepartementet og styreformann i Sveriges Riksbank, frå 1943 til 1945 altså forhandla med Hartmann. Få, om nokon, andre svenskar fekk så høge norske heidersteikn etter krigen. Vel kjend er polititeknikaren Harry Söderman (1902-1956) som bygde opp dei norske (og danske) «polititroppane» i Sverige - eit dekknamn for norske hæravdelingar, for ikkje å vekke mistanke i Tyskland eller hos tyskvenlege svenskar. Heilt til krigens siste månader var dei kjelde til konflikhtar på regjeringsnivå. For dette fekk Söderman den militære utmerkinga St. Olavsmedaljen med eikegrein.

Finansieringa var det derimot DH som ordna, og utmerkinga hans var sivil «som Statsekretær» og «som Statsråd», dvs. som representant for den svenske regjeringa. Grunngevinga nemner ikkje polititroppane direkte, men «svensk kreditt til Norge og finansiering av nybygningskontrakter». Kredittane har vore kjende lenge,² men ikkje DH si rolle eller omfanget³.


**Dag Hammarskjöld – embetsmann og statsråd,
men ikkje politisk**

DH (1905-1961) kom frå ei lågadelleg embetsmanns-

slekt prega av juristar. Faren Hjalmar, konservativ statsminister frå 1914-17, forhandla i Karlstad i 1905⁴ og hadde eit sterkt engasjement for folkeretten. Broren Knut blei domar i domstolen i Haag. DH derimot tok embetseksamen i nymotens sosialøkonomi i 1928, følgde opp med jus i 1930, inngangsbilletten til å bli embetsmann. Han studerte ei tid hjå Keynes og tok så doktorgraden i sosialøkonomi i 1934, med Gunnar Myrdal som opponent. Myrdal uttalte sidan at DH var den første han høyrde bruke ordet «planøkonomi». Dette suspekte faget og kontakten med sosialdemokratisk politikk var lite velsett i familien. Han blei «amanuens» (sekretær) for finansminister Ernst Wigforss i 1932 og frå 1936-1945 statssekretær. I 1941 – i ein usannsynleg alder av 35 år – blei han styreformann i Sveriges Riksbank, ein post han hadde til 1948. Etter to år (1949-1951) som «kabinettsekretære» (departementsråd) i Utrikesdepartementet, blei han frå 1951-1953 «konsultativt statsråd» (minister utan portefølje), med særleg ansvar for «økonomiske spørsmål av internasjonal karakter»⁵. Hans Landberg (2012) analyserer korleis DH balanserer hårfint i rollene som politisk nøytral embetsmann og statssekretær, resp. statsråd. Som generalsekretær i FN insisterte han òg på å vera ein nøytral tenar for alle medlemslanda i verdsorganisasjonen, men med sans for djerve tolkingar av FN's Charter.

Hammar skjöld forhandlar med regjeringa i London

Også i sine første internasjonale forhandlingar, i åra 1943-1945, balanserte han mellom posisjonane. Sist i september 1943 reiste DH, for Sveriges Riksbank, til London for å forhandle om valutasamarbeid med *Bank of England*. Delegasjonen var lite velkomen – det tok nesten 6 månader å få visum. Flyet - av den kjappe typen *Mosquito* med sete i det ombygde bomberomet - fylgde ei «nøytral» rute mellom Stockholm og Skottland. Undervegs blei dei passa opp av tyske jagarfly, men DH skal ha site fordjupa i mellomaldermystikaren Tomas à Kempis' andaktsbok *Imitatio Christi*.⁶ Mottakinga i London var iskald. Vertskapet påla delegasjonen å avstå frå politiske kontaktar under opphaldet. Då DH bad om å møte «den norska regjeringa (...) møttes han av den provokativa motfrågan om vilken norsk regjering Sverige erkände och DH fick förklara att Sverige självklart erkände den Kungliga norska regjeringa» (Landberg s.221). Britane visste om den svenske usemja i synet på om London-regjeringa var «representativ». Eitt år før (26.9.1942) hadde regje-



Paul Hartmann. Kilde: Wikimedia Commons

ringa Nygaardsvold (misforstått) levert ein offisiell førehandsprotest mot svensk godkjenning av Quislings Riksråd.

Den norske finansministeren i London, Paul Hartmann (1878-1974) var blitt sendt til London i 1941 som Kretsens (Heimefrontens) representant i Nygaardsvold-regjeringa. I 1955 gav han ut ei bok med den trefande tittelen *Bak fronten: fra Oslo og London 1939-1945*. Ho vekte oppsikt med sine usminka detaljar om meir eller mindre ærekyss personars små og store usemjer.

Då DH bad om å møte «den norska regjeringa (...) møttes han av den provokativa motfrågan om vilken norsk regjering Sverige erkände och DH fick förklara att Sverige självklart erkände den Kungliga norska regjeringa»

Måndag 27.9 1943 fekk Hartmann besøk av DH, som «jeg kjenner fra Stockholm» som «en meget intelligent og behagelig mann» (s.118). Ein så positiv omtale står i sterk kontrast til Hartmanns elles syrlege stil. DH's ærend var dels «valutapolitisk samarbeid», dels at «det var [Sve-

riges] plikt å tre støttende til overfor de okkuperte land, især Norge.» Hartmann svarte at mange såg til Sverige som «hadde hele sitt produksjonsapparat i orden». Hammar skjöld understreka då hans uttaler ikkje fekk tolkast dit at landet var ute etter å utvide sin eksport.⁷

«Alt dette høres jo meget smukt ut», kommenterte Hartmann tørt (s.119), men han tok det med seg. Den 16.11 skreiv han «til [utanriksminister Trygve] Lie om nødvendigheten av å oppta forhandlingar med sven-

skene bl.a. om ordning med en statskreditt i Sverige for kjøp av varer, i overensstemmelse med Hammarskjölds forslag» (s. 135-36). Omfanget blir etter kvart stort: «så meget varer som mulig fra Sverige, kalkulert (...) opptil 200 millioner kroner» (s.149). Lån til dette er berre mogleg frå Sverige. «Etter hva Hammarskjöld sa til meg i høst, er den svenske stat villig til dette, og bad oss forbedre saken.» Dette krev òg å endre diverse norske haldningar, som å ikkje «skjelle svenskene ut i radio». Den 1.mars 1944 gjekk så kreditten på 200 millionar i orden.

Hammarskjöld som forhandler

Men i kva slags valuta? Berre amerikanske dollar var konvertible. Londonregjeringa hadde britiske pund, ikkje svenske kroner. I dei svensk-britiske forhandlingane hadde britane overtaket og krevde gunstige vilkår som fri kurs på pund og frie renter på Sveriges Riksbanks risiko. Nokså fort kom dette opp også om norske kjøp, m.a. skipskontraheringar (s.230).


Eit tilbakevendande spørsmål mellom London-regjeringa og Sverige var trening og utstyr til politistyrkane. Den 19.10. 1944 bad Hartmann om at «Lie overfor de høyeste myndigheter i Sverige tar opp spørsmålet om at svenskene skal motta våre bundne pund for de sv.kr. de stiller til disposisjon både for vår flyktningeadministrasjon og for politikursene, som også for våre nybygginger av skip. Jeg er helt på det rene med at dette er helt mot svensk interesse. Riksbanken og den svenske regjering har hittil bestemt motsatt seg dette» (s. 281-82). Kort tid etter var DH i London for nye forhandlingar med britane, og den 31.10 oppsøkte han Hartmann, som ikkje var på kontoret. Den 7.11 kunne så Lie melde om eit svensk «rentefritt lån på 100 millionar sv.kr. til polititroppene og flyktningene i de første seks måneder. Det er en stilltende forutsetning at de ikke skal tilbakebetales» (s. 296). Nygaardsvold nekta å signere og sa at han «ikke pleide å motta fattigunderstøttelse». Han «ville gå hvis dette ble vedtatt» (s.297). I statsråd 10.11 godtok han det likevel, om andre enn han signerte. For å mildne tonen la Hartmann til at «[j]eg mente at vi ikke hadde noen grunn til å være Sverige takknemlig, da det var Sveriges simple plikt å yte oss denne hjelp» (s. 298).

Men problema med svenske kroner mot pund varte ved, og den 30.1.1945 var «dette definitivt stoppet fra svensk side» (s.331). At Hartmann då prøvde tvinge det og skipsbygginga gjennom ved engelsk påtrykk, vekte svensk mishag, men den 2. mai kom han tilbake til London etter «et 14 dagers opphold i Stockholm». Etter vriene forhandlingar sette Wigforss DH på saka, som la fram eit «helt uantagelig forslag med hensyn til pund for skipene» (s. 380). Då den norske delegasjonen truga med å kontrahere skipa i England, tok DH sjølv kontakt med verfta. Snart blei Hartmann igjen kalla inn til Wigforss, med eit resultat «jeg må si var bra» (s. 381): 80 millionar i kreditt til skipsbygging, av dette «halv-

parten i bundne pund og halvparten som lån i svenske kroner. Dessuten fikk vi 50 millioner i svenske kroner til polititroppene som ikke skulle tilbakebetales» (s.382). Tilbake i Oslo den 12.mai noterer Hartmann seg nytt «vrøvl fra Sverige med hensyn til forståelsen av overenskomsten» (s.398-99). Den 31. mai sluttforhandla så Hartmann og DH avtalen, som m.a. auka ramma for pund til 80 millionar. Etter ein lunsj for DH, til jubel i gatene utanfor, baud Norges Bank på middag om kvelden. Gjesten heldt der «et langt foredrag om Sveriges finansielle forhold og dets overenskomster. Han var meget innviklet og jeg tror få skjønnte noe videre av det», kommenterte Hartmann tørt (s.402).

Innhaldet i denne talen må ligge nær det DH skreiv i eit skrift som kom ut i november 1945, med tittelen *Sveriges internationella kreditgivning åren 1944 och 1945*⁸. Landa det gjeld, er særleg Noreg, Finland, Danmark og Nederland, men til og med «Abessinien» er tilgodesett. Den samla støtta til norske formål, 540 millionar sv.kr., fordeler seg slik, etter type og formål:

- 250 millionar til gjenoppbygging
- 230 millionar til norsk politi og flyktningar i Sverige
- 20 millionar til den norske legasjonen (ambassaden) i Stockholm
- 40 millionar til kommersielle formål (som skipsbygging).



Dag Hjalmar Agne Carl Hammarskjöld. Kilde: Wikimedia Commons

I norske kroner (kurs 1945 113,73⁹) tilsvara dette 614 millionar, kring 23% av det norske statsbudsjettet for 1945-46 på 2618 millionar¹⁰. Kredittane til Finland var litt under ein halv milliard og Danmark 230 millionar.

Utover dei få direkte involverte, var dette hemmeleg så lenge krigen varte, også for svenske politikarar (og sjølv sagt tyske). For å få støtta utbetalt, var DH i blant kreativ. Tage Erlander (då statssekretær) fortel¹¹ om ei utbetaling på 5 millionar til den danske legasjonen og flyktingar. Danmark hadde inga eksilregjering, så DH tilbød ein personleg kreditt frå Riksbanken til legasjonsjefen, ein kammerherre Kruse. Denne blei bleik og sa at han private økonomi ikkje tillèt ei så stor forplikting. Han fekk då forsikringar at «arrangementet endast var eit sätt att lösa frågan utan svenska statens formella inblanding».

Hans Landberg (s.252) reknar den samla svenske kredittgjevinga til kring 2,7 milliardar. Dette er nær oppunder den samla svenske valutareserven¹², og i tillegg kjem uvissa om pundkursen. Sverige må seiast å ha strekt seg svært langt ut mot kanten av sine finanspolitiske prinsipp.

Førte Hammarskjölds innsats til større norske støtte i FN?

Det ligg nær å tru at DHs innsats var vel kjend i det politiske miljøet i tiåret etter krigen. Dei førande krefte i norsk utanrikspolitik og særleg FN i desse åra – Hallvard Lange, Trygve Lie og FN-ambassadør Hans Engen – hadde alle bakgrunn i motstandskampen.

Særleg ville vi vente at Trygve Lie hugsa etterfølgjaren i FN som den svensken som forhandla med Hartmann om kredittane.¹³ Lies biograf Odd Karsten Tveit nemner ingen samband mellom Lie og DH før 1953.¹⁴ Då Lie som norsk utanriksminister gjesta Stockholm våren 1945, forhandla han sjølv sagt med kollegaen Christian Günther. Kan han ha gløymt ein liten statssekretær i eit anna departement?

Like eins har Hans Engens biograf Atle Alund¹⁵ ikkje kome over referansar til DH og krigsåra i korrespondansen mellom Engen og Lange. Engen var ikkje berre norsk FN-ambassadør, men ein av DHs mest fortrulege medspelarar.

Lite tyder dermed på at heideren etter krigen var ein «ressurs» for DH i åra som generalsekretær. Viktigare var det at han førte ei line nær opp til det norske «FN-sporet», for dei små land og folkeretten. Under Suezkrisa i november 1956, blei den første norske FN-styrken til Suez og Gaza vedteken i løpet av *to dagar*, med full semje i Stortinget.¹⁶ DHs offisielle gjesting i Oslo i frå 31.5 til 2.6. 1957 var ein ven av landet verdig: Frå

laurdag til søndag på utanriksministerens private hytte, på måndag møte med regjeringsmedlemer før lunsj på Slottet, så pressekonferanse, førelising i lukka møte for Stortingets utanrikskomité og sist regjeringas gjest til middag på Akershus. Tysdag venta FN-sambandet, privat lunsj heime hjå Trygve Lie og Oslo kommunes mottaking i Aulaen, før avreise onsdag.¹⁷

Sfinxen er DH sjølv. Usynleg, lik den perfekte diplomaten, er han innom norsk historie i åra 1943-1945, men forsvinn så ut, fram til han avløyser Trygve Lie i 1953. Vel, kunne ikkje DH ha minna Lie på møta i London og, til felles sjølvros, ymta litt om at dei forhandlingane kom då i hamn til slutt? Og kanskje fortalte Engen DH litt om at han var prominent i den omdiskuterte boka til Hartmann? Kort sagt, litt normalt skrav!

Slikt låg ikkje for DH. Sture Linnèr, hans nære medarbeidar i Kongo-krisa, kalla sjefen sin «en ren människa». Kring 1950 var den ekstremt arbeidsame DH så framgangsrik som mogleg var for ein svensk embetsmann. Samtidig var han sterkt introvert og sett på som sky. Han søkte nødig makt, anna enn som eit kall til teneste. I dagboka *Vägmärken* skriv han i 1952:

«Livsströmmen genom årmiljoner, människoströmmen genom årtusenden. Ondska, död och nöd, ofervilja och kärlek -. Vad betyder «jag» i detta perspektivet? Tvingar mig icke förnuftet att söka mitt, min lust, min makt, människors aktning för mig? Och ändå «vet» jag – vet utan att veta – att just i detta perspektiv är detta det likgiltigaste av allt. En insikt i vilken Gud är».¹⁸

Mats Svegfors¹⁹ skriv i ein inngående analyse at DHs indre strid nådde fram til ei avklaring få månadar før han fekk tilbodet frå FN. Den 28.4. 1957 ser DH seg «ikkladd detta jag som skapats av likgiltigas omdömen, meningslösa utmärkelser, protokollförda «innsatser»»²⁰ Blant dei kan han trygt ha rekna Storkrossen av St. Olav i 1953 – for korleis hadde han sidan 1946 gjort seg fortent til slik ei forfremjing? Arkivet for St. Olavs Orden er ikkje offentleg, så dette får vi ikkje vite. Likevel er svaret sannsynlegvis: Ingenting. Utmerkinga var del av eit «ublutt ordensforlangende»²¹ bestilt av det svenske vertskapet, i høve kong Haakons gjesting. Då gjestene vendte heim, telte hoffsjefen opp at «93 utdelte Olavs-ordener og 73 Erindringsmedaljer» hadde hamna på svenske bryst, mellom dei altså Dag Hammarskjölds. *Forfattaren takkar Katarina Hjortsäter, FN-bibliotekar og sekretær for Stiftelsen Dag Hammarskjöldbiblioteket i Uppsala for verdfull hjelp med kjeldematerial trass i koro-*

na-restriksjonane i 2020. *Ein vidare takk til Hans Landberg, Odd Karsten Tveit og Helge Jensehaugen for å lese og ha verdfulle merknader til manuskriptet.*

NOTER

- 1 E-post 31.5.2005 frå kansellisjef Egil Vindorum, med utskrift frå protokoll nr 29/1946, Løpenr. 51/46, Voteringsliste 10/1946, og frå Protokoll nr. 10B/1953, løpenr. 76/1953.
- 2 Dei svenske kredittane er omhandla særleg av Hartmann (1955), Blidberg (1991), Carlgren (1991), Veum (2016), Landberg (2012).
- 3 DH si rolle er omhandla berre av Hartmann og Landberg.
- 4 Forhandlingane i Karlstad varte så lenge at DHs dâp blei utsett i mange veker.
- 5 https://sv.wikipedia.org/wiki/Dag_Hammarskjöld
- 6 Denne opplysinga er frå ein artikkel i ei samling avisutklipp om DH som er samla i Hammarskjöldbiblioteket i Uppsala. På grunn av korona-restriksjonar kunne eg ikkje reise dit i 2020/21 og verifisere denne og andre interessante opplysingar.
- 7 At Sverige skulle utnytte sitt uskadde økonomiske overtak peikte i same lei som dei svenske tankane om eit nøytralt nordisk forsvarsforbund etter krigen eller «kanske enbart en norsk-svensk samanslutning». Den svenske sendemannen i London, Beck Friis, rådde til å legge alle slike diskusjonar til side (Carlgren, s.53).
- 8 Hammarskjöld (1945)
- 9 <https://www.ssb.no/a/histstat/tabeller/24-28.html>
- 10 <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingforhandlinger/Saksside/?pid=1945-1954&mtid=101&cv=a&did=DIVL134637>
- 11 Landberg, s. 250
- 12 I oktober 1945 2778 millionar SEK, etter Hammarskjöld (1945).
- 13 Om Hartmanns omtale av den dåverande generalsekretæren DH i boka frå 1955 vekte oppsikt, har eg ikkje kunne undersøke. Truleg blei det overdøyd av det kraftige bråket om bokas karakteristikkar av og sitat frå personar i London-regjeringa.
- 14 I sin «vinkla biografi» om Lie nemner Tveit (2018, s. 295) rett nok at då DH blei generalsekretær etter Lie, «var ikke alle sårene fra krigens tid grodd». At DH spela ei rolle den gong var ukjend for Tveit (e-post til forfattern, 27.8.2020).
- 15 Alund, Atle (2014)
- 16 Tveit (1995). Trass i Stortingets elles sterkt positive haldning til Israel og skepsis til Egypts president Nasser.
- 17 *Svenska Dagbladet*, 1.- 4.6. 1957.
- 18 Hammarskjöld (1999), s.96
- 19 Svegfors (2005)
- 20 Hammarskjöld (1999), s.120.
- 21 Bomann-Larsen (2019), s.315

LITTERATUR

ALUND, A. 2014. *Hans Engen - en utenrikspolitisk biografi. Master i historie*, Universitetet i Oslo.

BLIDBERG, K. 1991. Polistrupper och operation «Rädda Norge». Militär hjälp till Norge - ett svenskt intresse. In: EKMAN, S. & GRIMNES, O. K. (eds.) *Broderfolk i ufredstid Norsk-svenske forbindelser under annen verdenskrig* Oslo: Universitetsforlaget.

BOMANN-LARSEN, T. 2019. *Kongen. Band 8: Haakon og Maud*, Oslo, Cappelen-Damm.

CARLGREN, W. M. 1991. *Svensk-norske regeringsrelationer*

under andra världskriget In: EKMAN, S. & GRIMNES, O. K. (eds.) *Broderfolk i ufredstid. Norsk-svenske forbindelser under annen verdenskrig* Oslo: Universitetsforlaget.

HAMMARSKJÖLD, D. 1945. *Sveriges internationella kreditgivning åren 1944 och 1945*, Stockholm, Svenska Handelsbanken.

HAMMARSKJÖLD, D. 1963/1999. *Vägmärken*, Stockholm, Bonnier Pocket.

HARTMANN, P. 1955. *Bak fronten: fra Oslo og London 1939-1945*, Oslo, Aschehoug, Finst på Nasjonalbiblioteket https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2008051504022?page=0

LANDBERG, H. 2012. *På väg... Dag Hammarskjöld som svensk ämbetsman*, Stockholm, Atlantis.

SVEGFORS, M. 2005. *Dag Hammarskjöld. Den förste moderne svensken.*, Stockholm, Norstedts.

TVEIT, O. K. 1995. *Alt for Israel*, Oslo, Cappelen.

TVEIT, O. K. 2018. *Gudfaren. Trygve Lie - generalsekretæren som sviktet FN*, Oslo, Kagge.

VEUM, E. 2016. *Det svenske sviket*, Oslo, Kagge.